



# Ny avfallsordning

hausten 2018/  
våren 2019




# Henting av mat- og våtorganisk avfall

**Hausten 2018 og våren 2019** blir det innført ei ny avfallsordning for SSR sine abonnentar med innhenting av matavfall/våtorganisk avfall som eigen fraksjon (avfallstype). Det blir utdelt ein eigen dunk til oppsamling av matavfall/våtorganisk avfall. I denne brosjyra kan du lese meir om ordninga og når ny ordning blir innført hos deg.

**Sjekk ut den nye  
henteordninga**



# Dagens løysing




PAPIR OG PLASTEMBALLASJE\*  
**KVAR 14.DAG**

RESTAVFALL  
**KVAR 14.DAG**

**— 4 HENTINGAR  
PER MÅNAD**

# Ny løysing



- \* Papp/papir kan også settast ved siden av dunk, samt ubegrensa mengder godkjende SSR-plastsekkar

- \*\* Matavfall, bleier, tørkepapir, teposer, kaffifilter m.m.

# Nytt utstyr for sortering

## **Ny dunk**


Den nye dunken vil ha ein mørkegrå dunkefarge med brunt lok.  
Dei grøne dunkane til restavfall og dei blå dunkane til papir som vi  
har i dag, er i ferd med å bli slitne og må etter kvart bytast ut.  
Med tid blir alle dunkar mørkegrå med forskjellig farge på loka.

## **Matavfallskorg**

Du får utdelt ei lita korg som du kan bruke til å samle matavfallet i.  
Du kan også bruke eige sorteringsutstyr, om du har det.

## **Oppsamlingsposar**

Kvart år får abonnentane tre rullar med oppsamlingsposar til  
matavfall laga av resirkulert plast. Går du tom, kan du hente fleire  
rullar på ein av våre miljøstasjonar. Du kan også nytte vanlege  
handleposar. Hugs å knyte posen godt att med dobbel knute før du  
legg posen i matavfallsdunken.



**Matavfallskorg** til å sortere matavfall i kjøkenbenken.



Tre rullar med **oppsamlingsposar** til å sortere matavfall i.



Ein **ekstra dunk** for matavfall (brunt lok).

# Tidsplan for ny ordning

For å ha god tid til informasjon, kvalitetssikring og tilpassingar, vil innføring av ny ordning gå over ein lengre periode. Dette er foreløpig utrullingsplan. ....


<b>Sone</b>	<b>Levering av nye dunkar</b>	<b>Fyrste henting av matavfall/ våtorganisk avfall</b>
<b>Sone 5</b>	September / oktober 2018	23. november 2018
<b>Sone 4</b>	November / desember 2018	20. desember 2018
<b>Sone 3</b>	Desember 2018	16. januar 2019
<b>Sone 1</b>	Januar 2019	11. februar 2019
<b>Sone 2</b>	Februar 2019	12. mars 2019
<b>Sone 6</b>	Mars 2019	15. april 2019
<b>Sone 7</b>	April og mai 2019	28. mai 2019
<b>Sone 8</b>	Mai 2019	12. juni 2019
<b>Sone 9</b>	Juni 2019	27. juni 2019
<b>Sone 10</b>	juni 2019	5. juli 2019



# Kvifor kjem endringa?



Avfallshandtering har endra seg mykje dei siste ti åra. Avfall er ikkje lenger bos, men ressursar til å skape nye material og produkt. Det blir stadig stilt høgare krav til materialgjenvinning av avfall frå EU, og Noreg ligg langt etter desse krava. Miljødirektoratet har også lagt fram eit forslag om lovpålagt kommunal innsamling av matavfall/våtorganisk avfall som eigen fraksjon. 70% av norske husstandar har allereie innsamling av matavfall/våtorganisk avfall, og mange kommunar kjem no etter. Det er sjølv sagt utfordringar med å skulle kjeldesortere, hente inn og etterbehandle stadig fleire avfallsfraksjonar, men vi håper at den nye ordninga vil gjere at vi tek vare på ressursane enda betre og kan halde fram med eit høgt servicenivå for abonnentane.


# Kva går i dunken for mat-/våtorganisk avfall?



- Skrell
- Matrestar
- Bein
- Kaffifilter og kaffigrut
- Teposar
- Tørkepapir
- Egge- og nøtteskal
- Skaldyrrestar
- Meieriprodukt
- Bleier
- m.m


# Dette skjer med matavfallet





Matavfallet du sorterer blir til miljøvenleg drivstoff og gjødsel. Biogassen erstattar andre typar drivstoff som har høgare miljøbelastning. Gjødsla fører fosfor og andre næringsstoffs frå mat tilbake til jorda og held dei i kretsløpet. Den erstattar også kunstgjødsel. Å lage biogass og biogjødsel av matavfallet gjer at vi får utnytta ressursane betre enn ved forbrenning.

Matavfallet kan på eit seinare tidspunkt få andre behandlingsmåtar enn å bli sendt til biogassproduksjon. Det vert forska og jobba mykje med korleis matavfallet kan nyttast på best mogleg måte. SSR vil til ei kvar tid vurdere behandlingsmåtar ut i frå gitte rammebetingelsar og dei ulike alternativa som til ei kvar tid finst.



# **Heimekompostering**

Driv du med heimekompostering eller ønskjer du å starte med det? SSR tilbyr prisreduksjon til dei som komposterer heime.

Dei som har inngått eller ønskjer å inngå heimekomposteringsavtale, får ikkje utdelt eigen dunk for matavfall/våtorganisk avfall.


Det vert sett krav til den som skal kompostere i form av å ha godkjend kompostbinge og deltaking på kurset SSR arrangerer i heimekompostering (med mindre ein har lang erfaring med heimekompostering). Alle som ønskjer heimekompostering og reduksjon i gebyret må signere ein avtale med SSR. Avtalen finn du på heimesidene.




# Best før, men ikkje därleg etter!

Mykje god og etande mat blir dessverre kasta unødig, og mykje av matsvinnet har bakgrunn i ei misforståing av «best før» datostempling på mat og drikke. Hugs at «best før» ikkje betyr «dårleg etter». Bruk sansane til å vurdere om maten er etande, og du vil oppleve at både mat og drikke kan vere god lenge etter «best før»-stemplinga. Vi kastar også store mengder med middagsrestar og brødmat. Bruk fantasien og lag ein god restefest! Idear til oppskrifter kan du mellom anna finne på [restemat.blogspot.no](http://restemat.blogspot.no)

Å ete opp maten er eit av dei beste klimatiltaka kvar enkelt kan gjere, og det kan difor verke litt paradokslt at SSR no skal samle inn matavfall kvar 14. dag. Dei fleste vil nok ikkje fylle opp dunken ved kvar henting, men av hygieniske grunnar og fare for lukt, blir matavfall/våtorganisk avfall henta oftare enn anna type avfall.






# Del biletet ditt på instagram!

## #ikkjebortkasta

Vis at det ikkje treng å vere bortkasta med restar etter middagen! Del biletet av restemiddagen eller andre rettar av restane dine. Del gjerne oppskrift og hashtag biletet med **#ikkjebortkasta**. Då er du med i trekninga av ei korg kulinariske freistinger frå Folk Skafferil! Vi annonserer ein heldig vinnar 25. juli 2018.

# Redusert abonnement




Bur du aleine eller har din husstand lite avfall?

Då kan du få redusert abonnement til redusert pris.

Redusert abonnement har mindre dunkar (80 l) på alle fraksjonar og hentefrekvens som normalt. Det er også mogleg å få redusert abonnement om ein deler dunkesett med naboar i same bueining, fleirmannsboligar o.l.

Ta kontakt med oss om du ønskjer redusert abonnement.



## ... eller behov for større dunk?


Har du behov for større restavfallsdunk,  
kan du bestille det mot eit lite pristillegg.

Hugs at du kan sette papp også ved sidan av dunken  
dei gongane du har mykje papir og papp.

# **Lever så mykje plastemballasje du vil!**

Du kan setje ut eit ubegrensa tal plastsekkar!

Du kan setje ut så mange plastemballasjesekkar du ønskjer på hentedag. Vi deler ut plastemballasjesekkar kvart år, men går du tom kan du få nye anten ved å hente på ein av våre miljøstasjonar eller bestille på våre nettsider. Ved bestilling, leverer vi ut sekkane når vi er ute og hentar avfallet i di sone.



Nye reglar:

# **Bruk transparente sekkar på miljøstasjonen**


SSR har i det siste opplevd uheldige og farlige episoder som gjer at selskapet må gjere noko med «svartesekken».

Hendingar som kunne medført alvorlege personskader og store materielle skader der fyrverkeri har teke fyr, er den viktigaste grunnen til at SSR ønskjer «svartesekken» vekk. Vi ser også at avfall levert i svarte/uttransparente sekkar, er dårlig sortert og ofte ei blanding av matavfall, elektrisk avfall, farleg avfall og anna.

Frå 16. april 2018 vart det difor innført nye retningslinjer. Vi oppmodar kundane om å sortere avfall så godt som mogleg og nytte transparente sekkar ved levering av avfall på miljøstasjonen.

Om ein kjem med avfall i svarte eller andre ikkje-transparente sekkar kan ein sjølv sprette sekken og töme den i container utan ekstra kostnad. Om kunden ikkje ønskjer å sprette sekken sjølv, vil det tilkome ein kostnad per sekk som blir kasta.


Mange forhandlarar sel transparente sekkar så vel som svarte og vi har også eigna sekkar til sals hos oss. Vi beklagar ulempa dette måtte medføre, men ser dette som eit naudsint tiltak for sikkerheit og miljø. Liknande retningslinjer er også innført i fleire andre regionar i landet.



Nye reglar:

## **Lever isopor til miljøstasjonen**

Grunna endringar hos vår mottakar av plastemballasje og isopor kan vi diverre ikkje lenger samle inn EPS/isopor i blanke plastekkar ute på rute. EPS/isopor må leverast til ein av våre miljøstasjonar. Det er gratis å levere EPS/isopor. Vi beklagar ulempa dette medfører!



# Kva går gebyret til?

Her er ei oversikt over kva renovasjonsgebyret går til.


Denne oversikta er stort sett basert på faktiske tal, men noko av talgrunnlaget er estimert ut i frå forventa pris og kostnadar.


- 15,1% Administrasjon,  
inkl. konsulenttenester,  
porto, kursing og styring
- 11,1% Papir
- 5,7% Plast
- 19,8% Restavfall
- 25,9% Matavfall
- 18,1% Miljøstasjonane  
inkl. greinplassar og farleg avfall
- 1,7% Glas og metall
- 2,7% Kommunikasjon

# **Quiz**

Besøk heimesidene våre [www.reinhaldeverket.no](http://www.reinhaldeverket.no) og test kunnskapane dine om kjeldesortering av mat- og våtorganisk avfall. Denne brosjyra er eit nyttig hjelpemiddel.

**Alle som svarar rett på quizen kan velje mellom  
to premiar; "Lett på Kroken" eller  
eit fint handlenett i tøy.**





# Opningstider

Miljøstasjonane



## **Saunesmarka:**

Mandag - torsdag kl. 10.00-17.30  
Fredag kl. 08.00-15.00

{Laurdagsopne dagar, 2018}

## **Saunesmarka (Opningstid 12.00-16.00)**

28. april og 1. september

## **Greinplass Eidet**

### **16. april - 31. oktober 2018:**

Mandag - torsdag kl. 12.00-19.30  
Fredag kl. 08.00-15.00

## **Mjølstadneset (Opningstid 12.00-16.00)**

5. mai og 8. september

## **Mjølstadneset:**

Mandag- torsdag kl. 12.00-19.00  
Fredag kl. 08.00-15.00

## **Myklebustmyrane (Opningstid 12.00-16.00)**

12. mai og 15. september

## **Myklebustmyrane:**

Tysdag kl. 14.00-19.00  
Torsdag kl. 14.00-19.00

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS /  
[firmapost@reinhaldsverket.no](mailto:firmapost@reinhaldsverket.no)  
Tlf: 70 00 70 50 Kontortid: 07.30-15.30  
(stengt 12.00-12.30 grunna lunsjpause)  
**reinhaldsverket.no**